

Skatteetaten
Postbok 8103

4068 STAVANGER

Klage på vedtak om etterrekning av meirverdiavgift etter avgrensa kontroll av kompensasjonsoppgåva for juli - august 2013

Vi viser til:

- Dykkar brev dagsett 22.01.14 - vedtak om etterrekning av meirverdiavgift etter avgrensa kontroll av kompensasjonsoppgåva for juli-august 2013 og
- korrespondanse mellom advokat Terje Fiskerstrand og Skatt vest v/Alfred Limstrand der sistnemde har bekrefta utsett klagefrist i denne saka til 7. mars 2013.

Sogn og Fjordane fylkeskommune klagar med dette på Skatt vest sitt vedtak i saka.

Bakgrunn for klagen ligg i dei moment fylkeskommunen har påpeika i brev dagsett 2.12.13. Her kom vi med våre merknader til Skatt vest sitt varsel om etterrekning av meirverdiavgift etter avgrensa kontroll av omsettingsoppgåva for juli-august 2013.

Hovudankepunktet – og det som gjer at vi meiner denne saka er ekstraordinær – er knytt til «faktura» frå HSM Steel Structures BV. I brev dagsett 2.12.13 vert det gjort greie for problemstillinga slik:

Skatt vest sin argumentasjon for å avvise fakturaen frå HSM Steel Structures BV, datert 25.03, er at den er forelda i høve mva-kompensasjonsregelverket. Ut frå denne ein-sidede vurderinga vil Sogn og Fjordane fylkeskommune hevde at fakturaen i så fall er rettidig handtert. Som revisjonen skriv i sin revisjonsuttale vart fakturaen medteken i 2. termin, men den var handtert feil av Statens vegvesen. Når Statens vegvesen oppdaga feilen vart den korrigert i julirapporten til oss og medteken i omsetningsoppgåva for 4. termin. Etter vårt syn bør det – i det minste – vera opning for å korrigere eit beløp på ein faktura som er rettidig handtert.

Vi meiner at dei vesentlege momenta som bør vektleggast ved handsaming av klagen knytt til denne «fakturaen» kan oppsummerast slik:

- Bilaget er i utgangspunktet rettidig, men feil handtert – som faktura, og ikkje som ei rein momskompensasjonsoppgåve.
- Opprettinga av feilen vert teken med i første moglege kompensasjonsoppgåve, men likevel 1 mnd og 10 dagar etter foreldingsfristen i følgje regelverket. Dette «kostar» fylkeskommunen 12,5 mill. kr.
- Midlane «våre» er fortsatt tilgjengelege i forvaltningsapparatet, men i feil «kasse» - statskassa.
- Beløpsstorleiken er vesentleg – og vi meiner det er urimeleg at opprettingar innan så kort tidshorisont skal gje så store utilsikta fordelingskonsekvensar.

For etterrekninga generelt meiner vi at problemstillinga knytt til ansvarsdeling i sams vegadministrasjon bør vektleggast. Denne er omtala slik i vårt brev dagsett 2.12.13:

Slik arbeidsfordelinga er mellom fylkeskommunen og Statens vegvesen, er det uråd for fylkeskommunen å få kjennskap til desse fakturaene før Statens vegvesen tek dei med i sine rapportar til oss. Vi har ikkje høve til å kontrollere om det ligg faktura hjå vegvesenet som skulle vore innrapportert på dei aktuelle rapporteringstidspunkta. Etter gjeldande praksis er det Riksrevisjonen som har ansvar for å kontrollere at Staten vegvesen handterer våre fakturaer rett i høve mva-kompensasjonsreglementet. Som fylkeskommune kan vi berre innrapportere det staten v/vegvesenet overleverar oss. Det er såleis høgst urimeleg at fylkeskommunen skal verte økonomisk skadelidande grunna tilhøve som ligg utanfor vår kontroll. Fylkeskommunen – som tredjepart – vert økonomisk skadelidande grunna tilhøve som ligg utanfor vår kontroll, jf. Statens Vegvesen si rolle i sams vegadministrasjon.

Ut frå dette meiner vi at Skatt vest i denne saka bør rekne foreldingsfristen frå fylkeskommunen fekk kjennskap til kompensasjonsgrunnlaget.

Vi ber om at det vert gjort ei ny vurdering av etterrekning på meirverdiavgift for 4.termin 2013. Vi ynskjer som eit minimum at vi får godkjent mva-kompensasjon på kr 12.466.183,- for «fakturaen» knytt til HSM Steel Structures BV som det er gjort greie for i denne klagen.

Med helsing

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Eli Nes Killingrød
økonomisjef

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi til:

Fylkesutvalet
SF Revisjon IKS
Velaug Veum, SA
Lars Erik Lunde, SA
Svein Hågård, FRM
Einar Ulla, SEK